

Lindås Kommune

Byggesaksavdelinga

Grimstad 21.10.2018

Dykkar referanse 18/2031 – 18/30281

Tilleggsdokumentasjon til dispensasjonsøknad - Gbnr: 53/1 Grimstad

Etter samtale med Landbruksavd. v/Dykkar Nils Kaalaas, er me vorte einige om å laga ny tomtegrense, som no er ca. 2 mål. Tomtegrensa er no flytta på oppside av tilkomstveg til skogsområda aust for bustadhuset. . Sjå skisse der ny grense er markert med lilla farge. Då vil tilkomstvegen verta tilhøyrande hovedbruket, samt vidare hestesti til skogsområda aust for bustadhuset. Sjå skisse markert med grøn farge.

I 1984 vart vegen oppgradert frå ein hestesti, til ein 4 meter brei asfalt veg. Dei påfølgjande åra er også hestesti vidare opp til skogsområda aust for bustadhuset utbetra slik at hovedbruket har fått ein mykje betre tilgang til skogsområda enn tidlegare.

I 1984 då bustadhuset vart bygd, vart det bevisst plassert på den brattaste, og mest utilgjengelige staden på hovedbruket. Dette for å spara innmark.

Viser og til at Gbnr. 53/3, som er sørom Gbnr. 53/1, har fått skild ut ein tomt i nyare tid, der det er bygd bustadhus på eit heilt flatt areale.

Med helsing

Solveig Vaage

Solveig Vaage

Eirik Vaage

Eirik Vaage

Vedlegg:

Redigert kartskisse over Gbnr. : 53/1 Grimstad, der grøn markering er veg/hestesti, og lilla markering er ny forslått tomtegrense